

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

**Marianne Bjorøy** sette fram slikt forslag på vegner av Ap og V:

«Hordaland fylkeskommune kan ikkje støtte planer for bygging av vindkraftverk ved Ryvarden. Prosjekt Ryvarden vindkraft tas ut av utredningsarbeidet.  
Pkt. 1: Står som innstillingen  
Pkt 2: .Ryvarden vindkraftverk og .....tas ut  
Pkt. 3 – 8: Står som innstillingen  
Pkt. 9: Andre setning i punktet utgår  
Pkt. 10 – 12: Står som i innstillingen»

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slikt forslag på vegner av H og Frp:

«Nytt pkt. 13: Kultur- og ressursutvalet vil presisere at hensynet til Ryvarden Fyr må bli sterkt vektlagt i endelig plan»

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 1: Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvarden AS.  
Satsing på fornybar energi er helt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med unntak av pkt. 9 vart vedteke med 8 røyster (H, Frp, KrF, MDG) mot 4 røyster (Ap, V) for Bjorøy sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.9 vart samrøystes vedteke.

Bakke sitt forslag til nytt pkt. 13 vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag til nytt pkt. 1 vart vedteke med 9 røyster (H, Frp, V, KrF, MDG).

### Innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvind AS.  
Satsing på fornybar energi er helt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.
2. Oversiktskart som syner eksisterande og planlagde kraftverk i området og område med særskilt vern, skal vera del av søknaden.
3. Sumverknader av Ryvarden vindkraftverk og Sveio vindkraftverk skal inngå i utgreiinga.
4. Kraftproduksjon må vurderast i høve til den lokale og regionale kapasiteten i nettet.
5. Det skal gjennomførast prøvemålingar av vind i planområdet.
6. Kart med innteikna kraftverk, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, kabelgrøfter, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
7. Det må utarbeidast støysonekart som også viser lågfrekvent støy, og tiltakshavar må kartleggja og illustrera skuggekast og refleksblink.
8. Det må stillast krav om grundig fotorealitisk visualisering med nærverknad og fjernverknad av tiltaket.
9. Flora, vegetasjon og fauna i planområdet og influensområdet må kartleggjast grundig og detaljert av tredje part med høg kompetanse på området. Hubro og særleg truga raudlisteartar skal prioriterast.
10. Konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø må ha høg prioritet. Utgreiingsprogrammet må ha særleg merksemd på Ryvarden fyr og Ryvardenmarka nord for fyret.

11. Lokalisering av vindturbinar i kombinasjon med landbruk må utgreiast.
12. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylt innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
13. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.
14. Kultur- og ressursutvalet vil presisere at hensynet til Ryvarden Fyr må bli sterkt vektlagt i endelig plan